



27.03.2015

Til
Interimstyret for NIBIO
v/ leder Einar Steensnæs, einar.steensnas@oslocenter.no
v/ sekretariatsleder Jan Henrik Martinsen, jan.henrik.martinsen@lmd.dep.no

Bioforsk Aust Løken må oppretthaldas

Vi i faglaga i Oppland ser med uro på foreslått nedlegging av Bioforsk Aust Løken. Dette er ei forskingsavdeling som er lokalisert i dal- og fjellbygdene og som særleg tek for seg dei problemstillingane som er aktuelle for fjellandbruket. Vi er opptekne av at dei faglege behova for forskning og vidareutvikling av landbruket i fjell- og dalbygdene blir ivareteke for framtida.

Løken har sentral plassering i forhold til landbruket i dal- og fjellbygdene i Sør-Norge og vil ha ein naturleg plass i Bioforsk sin strategi med å vere til stades og kunne tilby FoU-tenester i desse viktige jordbruksområda.

Fjell- og dalbygdene produserer ein vesentleg del av maten i landet, særleg innanfor grovfôrbaserte produksjonar. Oppland og Hedmark saman med Agder-fylka, Telemark, Buskerud og Sør-Trøndelag, er av dei tunge produksjonsregionane for mjølk og kjøt.

Endringar/tilpassingar i fjellandbruket

Landbruket er inne i ei tid med store omstillingar i kjøtt- og mjølkeproduksjonen, med rask nedgang i tal bruk og auke i produksjonen per bruk. Spesielt for fjellbygdene er blant anna store utmarksareal som blir beita av sau, geit, storfe og rein.

Utmarka gjennomgår store endringar med aukande attgroing og skogvekst, aukande rovdyrkonflikt og naturvern. Mange av nasjonalparkane i høgfjellet i Norge er avhengig av eit aktivt landbruk for å ikkje gro att. Det trengs forskning for å dokumentere landbruksverdiane i utmarka, forstå utviklinga og korleis verdiane i utmarka kan nyttas best mogleg.

Også landbruket i dal- og fjellbygdene treng utvikling av nye og berekraftige driftsformer. Vi ser eit klart behov for at Løken skal drive FoU-arbeid framover for å utnytte naturressursane i fjellområda som grunnlag for ny næringsverksemd. Det er m.a. eit potensial for næringsutvikling knytt til stølsdrift og utnytting av utmarksbeite for å produsere mat med spesielle kvalitetar. (eks Stølsmjølk frå Tine og Hallingskarvet lam frå Nortura)

Klima

Fjell- og dalbygdene har heilt andre føresetnadar for å drive landbruk, og andre klimatiske utfordringar (kort vekstsesong) enn lågareliggjande strøk. Vi treng stadig nytt og klimatilpassa sortsmateriale. Dette må prøvast ut i dei rette klimasonene. Løken har sikra forskning i ulike klimatiske soner og høgder over havet.

Klimaendringar merkast sterkare i fjellområda enn andre stader. Det at Bioforsk er til stades med ei permanent avdeling med fagfolk som drifrar forsøksfelt og andre målingar, vil vere svært viktig framover for å følgje denne utviklinga. Det let seg ikkje gjere berre ved å kome hit på feltarbeid i kortare periodar.

Løken er den einaste forskingsstasjonen i høgareliggjande strøk, med plassering 530 m o.h. og tilhøyrande støl på Berset på 1000 m o.h. Stølsdrifta er for mange ein viktig faktor for å lukkast med driftsforma si.

Forskarar på Løken har god kontakt med forvaltningsorgan både på kommune- og fylkesnivå, og med landbruksrådgivinga i fjell- og dalbygdene, slik at det er kort veg mellom forskning og rådgiving/forvaltning. Regional forankring er viktig for denne kontakten. Løken er sentralt inne i satsinga på fjellandbruket mange stader i landet.

Vidare drift

Bygningsmassen og arealet som Løken disponerer er i god stand og det ligg til rette for ei framtidsretta drift med lite økonomiske påkostingar på driftsapparatet. Forskarane på Løken sit på mykje kunnskap som er samla inn gjennom lang tid, men er også framtidsretta og lydhøyre for å starte nye tilpassa forskingsprosjekt. Vi vil tru at det blir langt dyrare å byggje opp nye forskingsfasilitetar ein annan plass, og at viktig kunnskap kan gå tapt ved ein slik prosess.

Venleg helsing

Terje Holen
Oppland Bonde- og Småbrukarlag

Trond Ellingsbø
Oppland Bondelag

Arnfinn Beito
Oppland Sau og Geit